

Saksprotokoll

Plan- og forvaltningsutvalet 08.04.2021

Sak: 27/21

Tittel: Saksprotokoll - Referatsaker, plan- og forvaltningsutvalet 08.04.21
Arkivsak: 21/652

Behandling:

Skriftleg orientering:

Eksterne:

- Sivilombodsmannen 28.01.21: Ombodsmannen sine rapportar om dispensasjonar i strandsona. –referert.

Interne:

- Rapport delegerte vedtak. –referert.
- Årsrapport 2020. – utlagt på kommunen si heimeside, vert lagt fram for politisk handsaming i mai, etter at revisjonsmeldinga og handsaming i kontrollutvalet er gjennomført.

Munnleg Orientering:

Rådmann:

- Førebuing av planarbeid Gaupnegrandane. – rådmannen orienterte om innspel til å starta opp planarbeid,
- Prosjekt for idrett- og friluftsliv. Orientering om omsøkte og godkjente prosjekt.
- Magnus Snøtun sluttar 01.05 og Olav Øyrehagen overtek 01.08.

Open Post / Innspel / Spørsmål:

- Innkøringa til Luster oppvekstsenter, overvassproblem – oppretting etter anleggsarbeid i 2020 – Rådmann skal «skunda» på saka.
- Engjadalselva. Sjekk av utslepp, rydding av røyr og rask, -spesielt i området frå Tandla til bruaFV55. Oppmoding om at området vert synfart og at tiltak vert prioritert.
- Pistolskytebane på Hillestadstølen. Oppmoding om å få ei nærare orientering om planane, arealavklaringar og status i høve søknad. Førebels orientering i møte vert følgt opp med kontakt til Sogndal pistolklubb som er registrert som søkar. Det skal leggst fram sak for utvalet omkring tiltaket pistolskytebane på Hillestadstølen. (protokoll er korrigert i samband med godkjenning).

Vedtak:

Det vart ikkje gjort vedtak i saka.
